
ÅRSMELDING

EIDESJØEN GRENDALAG 2025

SAK 3.

STYRET: Leiar: Kent Rabben
Nestleiar: Ole Martin Haugo
Sekretær: Sølvi Eltvik
Kasserer: Anne Lise Eidesund
Styremedlem: Ingrid Thomas

DATO: 19.03.2026

MEDLEMMER i 2025:
79 medlemmer/ husstandar

VARA: Vibeke Skulstad Kristiansen
Trond Inge Eide
Aina Eide Storesund

STYREMØTER i 2025: 7 stk.

REVISOR: Irene Vorland, Lars Petter Lillelid

VALNEMND: Kristi Eide, Lena Toft Espeseth, Vibeke Skulstad Kristiansen

SAKER / VERKSEMDSPLAN FOR 2025

I prioritert rekkefølge:

1. Overtaking av ballbingen/Skuleplassen, vurdere.
2. Grendahuset Framheim
3. Sosiale arrangement, st hans feiring
4. Vidareutvikle området Lavvo, Stølen i Eide og ved Vorlandsvatnet
5. Arbeide for å få fleire medlemmar.

I uprioritert rekkefølge:

- * Badevika i Sjøvika
- * Eventuelle andre saker som kjem opp

1. Overtaking av ballbingen, få skøyte på eigedomen

Desember 2021 fullførte kommunen sanering av Pollen skule. Ballbingen og tomta ovanfor er Grendalaget sitt, men er ikkje overført til oss

Grendalaget har fått tilbod om å overta heile tomta etter skulen, og kommunen har budsjettert med 1,1 mill til området i 2025.

Eige? Leige? Dette har vore svært utfordrande, då kommuna ikkje har vist vilje til dialog

2. Grendahuset Framheim.

Det har vore grei aktivitet i huset i 2025

Huset var utleidd 29 gongar til store og små arrangement, mykje barnebursdagar. Vi har hatt fleire russearrangement. Med krav om vaksenansvarlig og vaktar har dette gått stort sett fint.

I Januar måtte vi rive nederste delen av veggen i salen, mot yttervegg, grunna fukt. Etter nokre gode dugnadar, er veggen no fin.

Det vart halde Loppemarknad 26 april, dette var eit godt besøkt arrangement, sjølv om det var betydeleg rolegare enn året før.

Diskotek for 4-7 klasse: 4 september. Svært godt oppmøte.

Haustens basar blei gjennomført 26 oktober med godt oppmøte.

Det var Grenda Pub m/Quiz med godt oppmøte på huset 21 november

Det var nokre vedlikehalds og rydde/vaskedugnader i og utanfor huset.

Vi har malt dørene inne på toaletta og to utgangsdører. Ellers valgte vi å kjøpe nye dører frå salen inn til toalettene

Kjellaren: Her har det vore nokre solide ryddedugnader, og i september fekk vi inn handverkarar som har sett opp rammeverk, og skifta vinduene i kjellaren. Vi har og hatt inne elektrikar som har trekt rør i kjellaren

Vi har midlar til å jobbe vidare med kjellaren med tanke på eit lokale for ungdomsaktivitet.

Prosjekter i 2025

Prosjekter	Inntekter	Utgifter	Over/underskudd
Loppemarked 26.04.25	26 905	412	26 493
Ungdomsdisco 04.09.25	18 888	5 122	13 766
Basar 25.10.25	70 465	21 189	49 276
Quizkveld 21.11.25	15 110	15 376	-266
Totalsum:	116 258	26 723	89 535

Vi fekk inn følgande tilskotsmidlar for 2025:

Frå Sparebanken vest, kr 75 000.-
(oppussing av kjeller)
Offentlig tilskudd til jubileum kr 10 000,-

I tillegg til midler søkt av og tildelt Grendahuset, har Grendalaget mottatt 25138,65 i Grasrotmidler.

3. Sosiale arrangement

Grendalaget hadde bossplukkedag Laurdag 5 april, frå Vorlandshøgda og ned til og med Spilda, med solid fangst. Tanken er å, saman med folk i området, rydda før 17 mai kvart år

St. Hans feiring vart gjennomført på lavvoen. Rundt 20 familiar deltok nokon trivelege timar

Både basaren og loppemarknad er eit samarbeid mellom Grendalaget og Grendahuset

Det har vore 6 formiddagstreff på huset i regi av grendalaget, gratis og for alle som er heime på dagtid. Oppmøtet har variert, vi har hatt inne folk som har fortalt om gamle dager

4 . Vidareutvikle området ved Lavvoen, Eidesjøen og ved Vorlandsvatnet

- **Lavvoen**. Dugnad i juni, skifta ut klatretau, klipte litt gras, rydde i lavvoen osv. Klipte og litt gras i august, og Zipline har blitt fiksa.

- **Vorlandsvatnet**, 16 juni dugnad på leikeplassen, rydda vekk etter hververk og klipte busker, planlagt innkjøp av leikeapparater og benkar til leikeplassen

5. Arbeide for å få fleire medlemmar

Vi har appellert til området på Facebook, det kom nokre nye medlemmar etter dette

Medlemstalet sin utvikling seinaste åra: 57 i 2020, 63 i 2021 og 64 i 2022, 49 i 2023, 69 i 2024 og no 79 medlemmar / husstandar i 2025. Ei fin utvikling 😊

Frå uprioritert liste i Verksemdplana

- Badevika i Sjøvika

I 2025 er halve terrassedekket skifta ut. Vi har elles kjøpt materiale til fleire kloppar nedover, og tanken er at skuleelevar skal hjelpe til med dette arbeidet. Vi treng og ei trapp det nederste stykket.

STYRET SITT ARBEID

I heile perioden har styret arbeida godt og styremedlemmane har på kvart sitt område gjort sitt til at Grendalaget har hatt eit godt arbeidsår med god innsats. Ei ekstra takk for dei som har deltatt i arbeidet i Grendahuset og arrangementa der som krev mykje tid og arbei.

Eidesjøen, 19 mars 2026